

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FA-F31  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 07.06.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
070/23	Alver formannskap	15.06.2023
	Alver kommunestyre	

## Busetting av flyktningar – justert oppmoding for 2023

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner å busetje 185 flyktningar i 2023 tråd med oppmoding frå IMDI.

Vedtaket inkluderer ikkje familiesameinte.

### Alver formannskap 15.06.2023:

#### Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### FO- 070/23 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner å busetje 185 flyktningar i 2023 tråd med oppmoding frå IMDI.

Vedtaket inkluderer ikkje familiesameinte.

#### Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

#### Bakgrunn

Alver kommune blir oppmoda om å busetje 185 flyktningar i 2023. Dette er ein auke på 5.

Kvart år oppmodar Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI) kommunar om å busette eit bestemt tal flyktningar i det komande året. Oppmodingstalet er sett ut i frå nasjonale prognosar for trong for busetting. Nasjonale prognosar for 2023 er justert og kommunane er bedne om å være budd på å busette fleire flyktningar. Ei endring i prognosetal var varsla i den opprinnelege oppmodinga der Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI) ba kommunane være budd på at busettingstalet kunne endrast i løpet av året.

I kommunestyret sak 174/22 gjorde kommunestyret følgjande vedtak:

«Kommunestyret godkjenner å busetje 180 flyktningar i 2023 tråd med oppmodingar frå IMDI. Vedtaket inkluderer ikkje familiesameinte.

Kommunestyret er positiv til å busetje fleire flyktningar enn oppmodingstalet for 2023, men ber om ny sak om dette skulle bli aktuelt. “

### **Vurdering**

Alver kommune busette 195 flyktningar i 2022 og har så langt i år busett 90. Av dei 195 flyktningane som vart busett i fjor returnerte 20 i 2022. Det er i dag ingen flyktningar som står på vent for å bli busett i Alver då kvar utsøking vert handsama fortløpande. Dei fleste som vert busett i år er ukrainarar og det er grunn til å tru at det kun er eit fåtall flyktningar frå andre land som kjem til Alver.

Oppmodinga frå IMDI til Alver om å busetje totalt 185 flyktningar er ein auke på 5. Kommunedirektøren vurderer at den justerte oppmodinga er beskjeden for kommunen vår. Det endelege tal flyktningar til Norge i 2023 er framleis usikkert. Vurderinga som ligg til grunn for kommunestyret si handsaming i desember er framleis aktuell.

Så langt i år har vi framleis klart å finna bustad til dei som er utsøkt til kommunen. Det er eit omfattande bustadarbeid som ligg bak det å finna rett bustad til dei som kjem.

Barn har fått tilbod om barnehageplass og skuleborn har fått skuleplass.

Vi ser ikkje at gruppa flyktningar som er busett i 2023 har hatt ekstraordinær trong for helsetenester så langt utover det ein må rekne i samfunnet forøvrig.

Vaksenopplæringa har auka kapasiteten ved å omorganisere tilbodet. I kombinasjon med språkverkstad, andre frivillige tilbod og ei rekkje digitale tilbod, er høve til å læra seg norsk forsvarleg. Det er utfordringar knytt til det å skaffe språktreningsplass til alle.

Alle vaksne flyktningar som kjem har rett på introduksjonsprogram og nær samtlege ukrainarar vel å ta i mot tilbodet. I revidert nasjonalbudsjett er det forslag om å auke retten til norskundervisning til 1,5 år for dei med kollektiv beskyttelse. Retten til introduksjonsprogram er på maksimalt 1 år for personar med fullført vidaregåande opplæring. Dei fleste ukrainarar har fullført vidaregåande skule og vil såleis ha rett på maksimalt eit år introduksjonsprogram.

Dei første ukrainarar som starta introduksjonsprogram i fjor går ut av programmet i juli. Ein del har fått sesongarbeid eller deltidsarbeid og vi ser at dei fleste framleis har trong for NAV sine tenester etter endt introduksjonsprogram.

Sjølv om dei fleste ukrainarar har utdanning og arbeidserfaring ser vi at det er utfordrande og sikre overgang til arbeid i det norske samfunnet. Heilt frå busettingstidspunktet startar «jobben med å finna seg ein jobb». Kommunedirektøren vil oppfordre alle arbeidsgjevarar i regionen vår om å vurdere tilsetning av flyktningar då arbeid er ein føresetnad for å sikre at flyktningar vert sjølvberga og arbeid er med å sikre god integrering.

Kommunedirektøren vil på nytt framheva den frivillige innsatsen i arbeidet med å busette og integrere

flyktingar. Vi treng den frivillige innsatsen like sterkt framover som den har vore fram til no.

**Vedlegg i saken:**

08.06.2023	Justert oppmoding om busetting 2023 - Alver kommune(1062805)	1942421
08.06.2023	KO sak busetting av flykningar des.2022	1942422